

Giske2030.no

Lokalt handlingsprogram for omstilling av Giske
kommune 2016 – 2019

Føremålet med programmet er omstilling gjennom bruk av ny teknologi og digitalisering. Omstillingsprogrammet er omfattende og dekker alle kommunens tenesteområde. Det vil påvirke og endre: arbeidsprosessar, arbeidsdeling, organisering og tankemåtar. Handlingsprogrammet syner aktivitetar og tiltak som vert gjennomført, gevinstområde og kva endringar som vert iverksett.

Larssen, Marit Elisabeth
31.05.2016


Framtidsbilde: 2030 er no!

Digitalisering og bruk av ny teknologi er på full fart inn i dei kommunale tenestene og kjem til å endre kjende og tilvande arbeidsmåtar, arbeidsdeling og måten vi organiserer arbeidet vårt på. Vi kjem til å sjå:

- Endra saksbehandling:
 - Standardisert og automatisert saksbehandling og avgjerder. Ja- og nei-saker skal kunne avgjerast «på staden». Fyller du vilkåra er svaret ja, fyller du dei ikkje er svaret nei.
 - Frigjort tid til dei komplekse sakene
 - Raskare saksbehandling
- Endring av omsorgs- og velferdstenestene:
 - Offentleg tenesteyting vert erstatta av sjølvhjelps-løysingar. Praktisk bistand i heimen vert i aukande grad teknologisert. Stikkord er verdighet, sjølvstende og meistring av endringar gjennom livsløpet.
 - Kontinuerlege endringar i arbeidsdelinga mellom «spesialist» og «generalist» tenestene.
 - Heimetenester vert meir samansette og tilpassa den einskilde brukar sitt behov. Meir medisinsk oppfølging vert utført i private heimar
 - Ny behandlingsmetodar vert utvikla basert på teknologiske nyvinningar
 - Alder som grunngjeving for tenesteyting fell heilt vekk og vert erstatta av trond for tenester
- Endring av kvardagen i barnehage og skule:
 - Barna vert introduserte til digitale verktøy i barnehagen, til undring, leik og læring.
 - Kommunikasjon mellom heim, barnehage og skule vert flytta over til digitale flater. Dette muleggjer dagleg samhandling og oppfølging.
 - Nettbrett og digitale arbeidsflater gjer det enklare med tilpassa undervisning, både i høve til evnerike barn og barn med spesifikke lærrevanskar.
 - Teknologi og digitale verktøy bidreg til at barn med ulike funksjonshemmingar vert meir sjølvhjelpte og bli ein ressurs, produsere og delta i kollektiv læring med andre.

I tillegg til dei endringar vi ser når det gjeld saksbehandling og tenesteyting, vil den teknologiske utvikling også muleggjere nye samhandlingsformer mellom kommunen og innbyggjar/brukarorgan. Sosiale medier opner for og vil kunne forenkle samhandling mellom kommunen og kommunens brukargrupper. Ulike digitale plattformer vil bidra til å vidareutvikle ordningar for brukarmedverknad mellom val.

Teknologiske trendar og drivrarar legg føringar for vala vi må gjere, og påvirker all kommunal tenesteyting. Desse illustrasjonane som er henta frå direktoratet for e-helse sitt strategidokument for utviklinga fram mot 2030, syner korleis trendane slår inn på helseområdet:



Utgangspunkt for det lokale omstillingsprogrammet

Digitaliseringsstrategi for KS for perioden 2013 – 2016

I sitt strategidokument, vedlegg 1, trekker KS opp kommunane sine hovedutfordringar i høve til digitalisering. Landsstyret peikte i sitt vedtak på at KS mellom anna må arbeide for «å fremme økt samordning av IKT-utviklingen i offentlig sektor, og samordne, utvikle og forvalte kommunenes behov for felles IKT-arkitektur, felleskomponentar og standardar ut fra medlemmenes ønsker».

Føremålet med dokumentet er at kommunane skal få ein plattform for sitt lokale arbeid, anten dette vert gjennomført av den einskilde kommune eller i eit interkommunalt samarbeid. KS har peikt ut følgande satsingsområde for perioden:

- Tverrgående satningsområder
 - Digital dialog
 - Strategisk ledelse og IKT
 - Kompetanse
 - Arkiv og dokumenthåndtering
 - Personvern, taushetsplikt og informasjonssikkerhet
 - Arkitektur og standardisering
- Sektorielle satningsområder
 - Helse og velferd
 - Oppvekst og utdanning
 - Plan, bygg og geodata

Digitaliseringsstrategi til eKommunen Sunnmøre for 2016 - 2020

Digitaliseringsstrategien til eKommunen Sunnmøre for 2016 – 2020 er ein viktig premiss for omstillingsprogrammet til Giske kommune. Her finn ein dei overordna målsettingane for arbeidet samt dei strategiske satsingsområda og dei taktiske vala som står opp under strategien. eKommunens digitaliseringsstrategi består av eit strategidokument, *vedlegg 2*, og ein taktisk/operativ del, *vedlegg 3*. Strategiarbeidet er gjennomført i perioden desember 2014 – februar 2016.

eKommunen legg følgande hovudmålsetjing til grunn for sitt arbeid:

- *Gjennom digitale sjølvbetjeningsløysingar får innbyggjarar, næringsliv og andre brukarar tilgang til kvalitetssikra informasjon og døgnopne tenester, slik at dei har eit reelt digitalt førsteval.*
- *Nettbaserte tenester for kommunikasjon med innbyggjarar, brukarar og næringsliv tilfredsstiller krav til universell utforming.*
- *Arbeidsprosessar og oppgåver er standardisert og forenkla gjennom bruk av digitale løysingar.*

Hovudmålsetjinga skal virkeleggjerast gjennom følgande 6 strategiske satsingsområde:

- *Digital dialog*
- *Digitale tenester*
- *Strategisk leiing*
- *Organisasjonsutvikling*
- *Kompetanse*
- *Standardisering og arkitektur*

Dei taktiske vala for dei strategiske satsingsområda er omtalt i vedlegg 2.

eKommunen Sunnmøre sin strategi skal leggjast til grunn for dei lokale handlingsplanane som kvar kommune skal utarbeide.

Økonomiplanen for Giske kommune 2016 – 2019

Saman med kommuneplanens samfunnsdel for 2014 – 2026 er kommunens økonomiplan for 2016 – 2019 viktige lokale styringsdokument og grunnlag for omstillingsprogrammet. Kommunestyret har vedtatt følgande mål for arbeidet i planperioden:

- *I planperioden skal kommunen ha tatt i bruk nettbaserte tenester for kommunikasjon med innbyggjarar og næringsliv. Arbeidet skal starte i 2016*
- *I løpet av 2016 skal skulane ha tatt i bruk digitale læreremiddel og verktøy i den daglege undervisninga*
- *Velferdsteknologiske løysingar er tatt i bruk i planperioden som supplement og alternativ til dei tradisjonelle tenestene. Dette arbeidet starter i 2016.*
- *Nettbaserte løysingar for intern kommunikasjon og informasjon skal vidareutviklast.*
- *I arbeidet med utvikling av Giske-samfunnet skal det leggast vekt på tiltak og aktivitetar som bidreg til utvikling av eit heilskapleg syn på organisasjon og samfunn. Det skal leggast til rette for tverrfagleg samarbeid i tenesteytinga.*
- *Innbyggarmedverknad mellom val skal ha høg fokus frå kommunen si side. I løpet av 2016 skal det vere utvikla planar og etablert god praksis som sikrar informasjon til og legg grunnlaget for at innbyggjarane vert inviterte til medverknad i saker som gjeld deira lokalmiljø.*


Digitalisering og ny teknologi

Digitalisering inneber organisasjonsutvikling. Dei teknologiske nyvinningsmuleggjer nye arbeidsformer og –måtar og bidreg til endra arbeidsdeling både internt i organisasjonen og mellom kommunen som tenesteytar og den einskilde brukar som tenestemottakar. Kommunens evne til å gjennomføre omstillingane er ein føresetnad for å ta ut nytteeffektane av dei tiltaka vi iverksett. Gevinstpotensialet vårt ligg her.

For Giske kommune er det avgjerande viktig at vi grip mulegheitene som ligg i digitalisering og bruk av ny teknologi. Kommunen skal redusere driftsutgiftene sine relativt mykje i inneverande og komande økonomiplanperiode. Vårt omstillingsprogram vert soleis eit svar på desse utfordringane. Digitalisering og bruk av ny teknologi vil kompensere for bortfall av tenester. Dei erfaringane som ein hauster både frå pleie- og omsorgstenestene og undervisningområde syner at dette vert opplevd som positivt av brukarane, då det gir verdigheit og skaper gode meistringsopplevelingar.

Organisering av det lokale arbeidet

Skissa syner organisering av det lokale arbeidet.



Rapporteringsveg fra administrasjonen går til formannskapet. Arbeidet vert rapportert pr tertial og elles når det er ønskjeleg.

Roller og oppgåver i administrasjonen vert slik:

Administrativt styringsgruppa: rådmannens team/strategisk leiing. Har hovedansvar for arbeidet og rapportere til politisk leiing/formannskapet.

Digitaliseringsrådgivar, rapporterer til rådmannen. Er program-/prosjektleiar, skal ha ansvar for prosjektplanlegging, oppfølging, gjennomføring av programmet, dokumentasjon, gevinstrealisering, kompetanseplanlegging, sekretær for digitaliseringsutvalet, Informasjons- og kommunikasjonsarbeid, eksternt og internt.

Digitaliseringsutvalet: strategisk leiing, stab, HTV, fagleg støtte på kommunalsjef-nivå, e-Kommunen vert invitert til møta. Oppgåver: gjensidig informasjon, koordinerer, «cross-over», idemyldring/deling

Leiargruppe/HOS og leiargruppe/Oppvekst. Ansvarleg for interne prosjekt, oppfølging i samarbeid med digitaliseringsrådgivar

Administrativ støtte, saksbehandling og tekniske tenester: vert eit eige fokusområde, her er det nokre «lågt hengande frukter» som er viktige å få plukka. Området vert særskild ansvar for prosjektleiar.

Målsetjing for arbeidet

Den døgnopne kommunen har vore eit mantra lenge. Vi er nærmare enn vi nokon gong har vore. Den nasjonale målsetjinga om å leggje til rette for «det digitale førstevalet» er utgangspunktet for eKommune Sunnmøre sin visjon: Digitalt førsteval gjev enklare dagar.

Føremålet med det lokale arbeidet er å bidra til virkeleggjering av visjonen. Dei teknologiske trendane og det arbeidet som skjer interkommunalt og nasjonalt gir støtte til og heng saman med den lokale satsinga.

Lokale utfordringar

Det er fleire lokale utfordringar som må løysast som del av omstillingsprogrammet og dels som ein føresetnad for å få effekt ut av programmet. Ei oppsummering av desse er:

- Infrastruktur i og mellom kommunale bygg/kapasitet i nettet. Det har vore gjennomført relativt store oppgraderingar og utbyggingar det siste året. Vi ser likevel at det kan dukke opp nye behov etter kvart som vi tek i bruk fleire digitalt/teknologisk baserte løysingar. Utfordringa kan påvirke framdrifta i arbeidet.
- Oppradering, fornying og anskaffelse av utstyr. Siste året har vi skifta ut gamle PC'ar som ikkje lengre var muleg å oppgradere. Utskiftingane er ikkje fullt ut gjennomførte. Vi tek i bruk nettbrett og mobile løysingar i staden for å kjøpe nye PC'ar når det er muleg. Bruk av ny teknologi inneber at det vert kjøp inn velferds-, aktiviserings- og omsorgsteknologi, dette vil vere teknologi som tidlegare ikkje har vore nytta i tenestene våre.
- Tryggleiksalarmane våre må skiftast ut i løpet av nokre få år.
- Utvikling av digital kompetanse hos tilsette og hos leiinga.

Løysing på desse utfordringane vert del av prosjekta framover, slik at vi løyser dei etter kvart som dei eventuelt oppstår.

Lokal handlingsplan

I økonomiplanen er der sett av 4 mill kroner i 2016 og 2 mill kroner kvart år fra 2017 til 2019 til finansiering av omstillingsprogrammet. Midlane er sett av i investeringsbudsjettet og skal nyttast til omstilling gjennom digitalisering, innføring av ny teknologi, opplæring og oppgradering/vidareutvikling av nettverk og utstyr.

Aktivitetar og tiltak i omstillingsprogrammet som omfatter dei gebyrfinansierte områda vert finansiert gjennom fondsavsettingar frå dei aktuelle gebyrområda: byggesak/oppmåling og VA.

Som utgangspunkt for arbeidet vert det lagt til grunn at pågåande aktivitetar og prosjekt vert inkluderte i programmet. I tillegg skal vi så langt det er muleg nytte og ta ut potensialet i eksisterande programvare og systemløysingar. Syner det seg at vi må gjere nye innkjøp skal kommunen primært nytte «hyllevarer». Viss det er trøng for utvikling av løysingar må desse drøftast med samarbeidspartane i eKommune Sunnmøre.

Skal omstillingsprogrammet ha effekt må det leggjast vekt på opplæring og modellering av nye arbeidsformer. Vidare vil informasjon om arbeidet vere ein kritisk suksessfaktor. Det vert derfor også sett av midlar til å utarbeide ein informasjonsstrategi for kommunen, samt utarbeide eit informasjonsopplegg som kan fungere i møte med brukarar og andre.

I tillegg til eigne midlar vert det også søkt om prosjekt- og utviklingsmidlar frå Helsedirektorat og andre kjelder samt OU-midlar frå KS.

Dei nemnde føresetnadene legg følgande føringar for kva som vert definert som delprosjekt i omstillingsprogrammet:

- Relevante aktivitetar og tiltak knytt til prosjektet «Kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi»
- Bruk av mobile løysingar innan pleie/omsorgstenestene
- Teknologi for aktivisering av brukarar med redusert funksjonsevne
- Digitalisering av kommunens opplæringstilbod
- Auka bruk av nettbrett i barnehagane
- Vidare utvikling av digital samhandling med lokal legeteneste og spesialisthelsetenesten, mellom anna gjennom meldingsformidling
- Tettare samarbeid med eksisterande leverandørar for å hente ut kompetanse og rådgiving for betre og meir effektiv bruk av program og system som er i bruk i kommunen
- Program knytt til utvikling av informasjonsstrategi, bruk av sosiale medier og utvikling av kompetanse i sosial kommunikasjon samt utprøving av samhandling med brukargrupper basert på digital kommunikasjon

Ut over planlagte og pågåande prosjekt og aktivitetar vil arbeidet løye ut trong for nye tiltak som vi no ikkje ser. Det er ei rivande utvikling av teknologiske løysingar innan fleire av dei kommunale arbeidsområda, desse må det vere rom for å fange opp i løpet av programmet. Det vert sett av midlar til nye delprosjekt som kan kome til i løpet av omstillingsarbeidet.

Det vert utarbeidd prosjektplanar for alle prosjekta. Prosjektplanen klargjer detaljane i prosjekta, endeleg budsjett og finansiering, målsetting for prosjektet og effektane/gevinstane av det einskilde prosjekt.

Tabellen under syner dei satsingane som har høgst prioritet inneverande år og kva strategiske satsingsområde dei står oppunder. Budsjettpostane vert kvalitetssikra gjennom prosjektplanlegginga. Det vil kome endringar mellom postane.

Dei strategiske satsingsområda: organisasjonsutvikling, kompetanse og standardisering/arkitektur er bakt inn i prosjekta som er lista opp.

Strategiske satsingsområde	Kostnad			
	2016	2017	2018	2019
<i>Strategisk leiing:</i>				
Prosjektleiar*	400	800	400	
<i>Digital dialog</i>				
Informasjonsstrategi/kommunikasjon*	250	100	100	100
Sosial kommunikasjon*	80	80	40	40
<i>Digitale tenester</i>				
Digital saksbehandling	500	200	200	200
Digitalt opplæringstilbod	800	400	200	200
Velferds-, aktivitets- meistringsteknologi	1000	1000	400	400
Kart og oppmåling**	300	300	300	300
Administrative støttesystem	400	200	200	100
ID-handtering	500			
Infrastruktur	400	100	100	100

*er markering for tiltak som er innarbeidd i omstillingsprogrammet men der det i tillegg er søkt eksterne midlar til tiltaket.

**gebyrfinansiering kjem i tillegg.